

# Lokale stadnamn frå Eikeskog, Brådland, Kommedal, Molaug og Håland

I 1983-84 sette Inge Særheim ved dåverande Rogaland distriktshøgskule i gong ei omfattande kartlegging av lokale stadnamn i store deler av Rogaland. Til saman vart det samla inn tusenvis av stadnamn. Arbeidet vart i hovudsak gjennomført av elevar i ungdomsskulen, men og andre deltok. Det som gjorde dette prosjektet særleg verdfullt, var at kvart namn vart kartfesta med eit nummer på økonomisk kartverk i målestokk 1:50 000. Dette gjer det mogeleg å få greie på kor kvart namn eigentleg er. Mange av namna kjenner vi til endå, men mange vert ikkje brukte i dag og held på å bli gløymde. Informantane i prosjektet var stort sett dei som budde på gardane den gongen.

I vedlegga finn du namn frå Håland, Molaug, Kommedal, Brådland og Eikeskog. Ein kan ikkje rekna med at alle namna er komne med. Det kan vel og henda at nokre namn er plasserte feil på kartet. Eg trur likevel at dette materialet vil vera av stor interesse for mange av Bjødna-Tores Venner.

Originaldokumenta til prosjektet er i dag arkiverte på Universitetet i Stavanger. Heile materialet skal vera tilgjengeleg for interesserte. Men no i haust er arkivet på flyttefot og ikkje tilgjengeleg. Det har såleis ikkje vore råd å skanna lister/kart på nytt.

Den første som skreiv ned lokale stadnamn i Forsand kommune var Eldar Molaug i 1933. Hovudoppgåva hans til embetseksamen hadde tittelen «Stadnamn frå 28 gardar i Forsand». Kopi av hovudoppgåva finst på biblioteket ved UiS. I 2006 vart ei alfabetisk liste med stadnamn lagt ut på nettstaden til Bjødna-Tores Venner. Sjå under Artiklar.



*Svartops og Tagsteidn i 1923. Tagsteidn vart skoten sund i 1950-åra og brukt som elveforbygning på Stronnå. Rett framfor Tagsteidn ser vi også siste spor etter husmannsplassen på Slettå, eit lite forfalle uthus. I dag er Svartops tilplanta med gran. Fremst og til venstre i bilete ser vi litt av Røysana. Bilete er eit utsnitt av fotograf Espedals panoramabilete av dalen frå 1923.*



## KART lokale stadnamn for Eikeskog, Håland, Molaug, Kommedal og Brådland

Navn Eikeskog

Navn Håland

Navn Molaug

Navn Kommedal og Brådland

Dei fleste av desse navna er seinare lagt inn på ei kartløyising som blir drifta av Foreningen for støsliv og friluftsliv i Indre Gjesdal. Sjekk opp denne lenka:

[https://kart.xn--stsliv-r1a.no/?fbclid=IwAR2YpLL8sleFzl\\_CFnB31xBTbvdyguesQt-Nd5-Db-8S-x6Zro8mhhSe4JIA#15/58.8502/6.3480/topo4-stier-hedlers-loer-var-der-stedsnavn-stoler](https://kart.xn--stsliv-r1a.no/?fbclid=IwAR2YpLL8sleFzl_CFnB31xBTbvdyguesQt-Nd5-Db-8S-x6Zro8mhhSe4JIA#15/58.8502/6.3480/topo4-stier-hedlers-loer-var-der-stedsnavn-stoler)

2019/2022

Per Terje Haaland



*Aksteveien gjekk frå gardsromet på Håland og austover mot Neset. Tidlegare var det steinrekkjer på kvar side (geil). Sommaren 2019 vart vegen lagt om slik at denne gamle vegtraséen no er borte. Foto: Per Terje Haaland.*